

MØTEBOK

Organ	Kulturråd
Møtestad	Sogndal - Kommunehuset
Møtedato	02.12.2020
Kl.	18:00 - 20:30

Faste medlemmer til stades:

Christoffer Knagenhjelm
Marianne Hoff
Kari Thorsen
Oddrun Helene Eggum
Roar Sandnes
Øystein Åsnes
Janne Nes

Forfall til møtet: **Oddrun Helene Eggum**

Varamedlemmer til stades: **Ingen**

Til stades med møte- og talerett: **Ingen**

Sekretariat for møtet: **Jon Tvilde**

Ingen merknader til innkalling og sakliste, utanom at det i innkalling må koma tydeleg fram kor møtet er.

Kulturrådet valde møteleiar og Øystein Åsnes til å godkjenne møteboka på vegner av kulturrådet.

Sak 12/20
Sogndal kulturråd - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker

Tilråding:

A. Skriv og meldingar

Skriv og meldingar teke til vitande.

B. Orienteringar

Orienteringar teke til vitande.

C. Drøftingar

Vert utforma i møtet.

D. Innkomne spørsmål frå representantane

Ingen

Handsaming

A. Skriv og meldingar

- Utlysing av midlar til å inkludere barn og unge – sjå nettsida til kommunen – søknadsfrist 4.12.2020.

B. Orienteringar

- Orientering om kulturpris for 2020 – leiar er med i ei gruppe nedsett av formannskapet som skal velje kven som vert tildelt kulturpris for 2020.
- Saker frå komité frå samfunnsutvikling 1.12.20
- Orientering om vidare arbeid med frivilligpolitisk plattform
- Andre saker frå komité for samfunnsutvikling:
 - o Kommuneplan – samfunnsdelen
 - o Rullering og prioritering av handlingsprogram til plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – 2021
 - o Retningsliner for tilskotsordning til nærmiljøtiltak/-anlegg

C. Drøftingar

C1: Prinsipiell diskusjon om kulturrådet sin rolle og funksjon knytt til Sogndal kommune sin kulturpolitikk.

Det var ein bra drøfting av denne saka som er summert opp i konklusjonen nedunder.

C2: Sak om lyssetting og det visuelle miljøet:

Med bakgrunn i sak om opprusting av Villavegen i Balestrand og kommunen stell og vedlikehald av uteområde i kommunen var det ei brei drøfting av denne saka.

C3: Framlegg om ein plass kulturrådet vert øyremerka ungdom/ungdomsdelegat.

Vedtak:

A. Skriv og meldingar

Skriv og meldingar teke til vitande.

B. Orienteringar

Orienteringar teke til vitande.

C. Drøftingar

C1. Prinsipiell diskusjon om kulturrådet sin rolle og funksjon knytt til Sogndal kommune sin kulturpolitikk.

Det er viktig at kulturrådet tek initiativ til debattar om tema rådet sjølv ser som viktig. Komiteen ynskjer og faste møte med leiar i komiteen/ev. komiteen.

For å få eit betre oversyn over kva som er viktig for kulturlivet ynskjer kulturrådet først å gjennomføre ei spørjegransking retta mot kulturlivet. Det er ynskjeleg at slik gransking kjem tidleg i 2021. Resultata av denne kan gje grunnlag for kva kulturrådet skal prioritere framover. Innhald og spørsmål i granskinga vert førelagt kulturrådet.

C2. Sak om lyssetting og det visuelle miljøet:

- A. Med utgangspunkt i prosjekt Villavegen og mangelfull stell av offentlege rom ber Kulturrådet komité for samfunnsutvikling om å vurdere korleis kommunen kan styrke medvit om estetikk og utforming av og vedlikehald av det visuelle miljøet/offentlege rom i Sogndal kommune.
- B. Kulturrådet oppmodar kommunen til å lage ein plan for lyssetting i Sogndal kommune- til bruk i utbygging- og restaureringssaker. Ein slik plan må ta omsyn til estetikk og bygge på kunnskap om kva lyssetting betyr for trivsel, oppleving og folkehelsa.
- C. Kulturrådet ber om at det vert ein gjennomgang av prosjekt Villavegen med fokus på politiske og faglege intensjonar, planarbeidet, medverknad i planarbeid og gjennomføringsfasen. Kulturrådet ser på betre løysingar med omsyn til estetikk og ljøssetting.

C3. Framlegg om ein plass kulturrådet vert øyremerka ungdom/ungdomsdelegat.

Kulturrådet meiner at slik vurdering må takast når heile rådsstrukturen vert evaluert. Ungdom er ein av mange grupper kulturrådet skal ta omsyn til og eit slikt framlegg kan reise spørsmål om andre grupper skal vera representert.

Kulturrådet er likevel oppteken av å ha tett kontakt med ungdomsavdeling og ungdomsråd.